

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 19. februar 2019

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjestova, kl. 19.30

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth, Liv Hole, Monica Breivik Orre og Knut Henning Aursnes.

Torbjørn Støylen hadde meldt fråfall.

May Lisbeth opna møtet og las «Godt nytt år brev» frå direktør i kirkerådet. Det handla om «Meir himmel på jord». Deretter vart det god kveldsmat servert av Monica.

Etter dette tok soknerådet til å handsame følgjande saker:

Sak 06/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

Sak 07/19 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 17.01.2019

Vedtak: Møtereferatet vart einstemmig godkjent.

Sak 08/19 Søknad frå Åse Vestre om støtte til kyrkje i Estland


Åse Vestre har vore engasjert i å støtte kyrkjebygging i Mustamae i Tallin/Estland sidan mars for snart to år sidan. I følgje Vestre har ho sidan den tid samla inn over kr 130 000,- takka vere velvillig oppslutning om innsamling på ulike måtar. Det vert opplyst at det er 100 personar i kyrkjelyden og at kyrkja kostar EUR 2.100.000,- å byggje. Kyrkja i Mustamae treng meir støtte, både av pengar og frivillig hjelp. Det står att å samle inn EUR 350.000,-. Vestre kjem difor med førespurnad og nokre forslag som ho vonar Sykkylven kyrkje kan vere med å støtte.

Vedtak: Sykkylven sokneråd setter pris på Åse Vestre sitt store engasjement, og går inn for å gi kollekten søndag 31.03.2019 til dette prosjektet. Åse Vestre vert også beden om å orientere om prosjektet i gudstenesta denne dagen.

Sak 09/19 Vidare engasjement med eittåring i kyrkjelydane

Ruben er engasjert som eittåring i Sykkylven-Ikornnes fram til sommaren i år. Dette gjennom ein avtale med Bibelskulen i Grimstad (BiG). Han er elev hjå BiG med praksisplass hjå oss. Katrine Numme er vegleiaren hans og Trygve Ebbesvik er mentoren hans, med Arild Sporsheim som overordna leiar. Han bur hjå ein vertsfamilie (Fauske).

Katrine, Simen og Arild tok initiativet for dette i 2018, og dei tek no initiativet for å vidareføre dette for 2019-2020. Det vert synt til eige saksframlegg i saka.



Sykkylven sokneråd

Vedtak: Sykkylven sokneråd ønskjer å vidareføre initiativet med årleg å engasjere ein eittåring i kyrkjelyden(ane). Dette underlagt kyrkjeverjen som øvste leiar. Finansieringa av dette skjer ved ei årleg overføring på kr. 50 000,- frå Sykkylven sokneråd, frå fonda til barne- og ungdomsarbeid, til felles trusopplæringsfond. Budsjettposten er avgrensa til kr. 100.000,-. Dette skal primært brukast til lommepengar, kost og reisestøtte i samband med studieveker og heimreise. Soknerådet oppmodar Ikornnes sokneråd om å bidra med kr 25.000,-. Det er ein føresetnad at ein greier å få i stand ei privat innlosjering. Soknerådet er også positiv til å kunne ta i mot ein teologistudent.

Sak 10/19

Søknad om diakonimidlar

Det har kome statlege midlar slik at bispedømet kan opprette to diakonistillingar på heiltid. Møre bispedømeråd fullfinansierer stillingane for inneverande år, og gir tilskot inntil 50% løn i stillingane, mot at kommune/fellesråd/organisasjon betaler resten av løns- og driftskostnadane i ein prosjektperiode på minst tre år.

Vedtak: Sykkylven sokneråd ber Sykkylven fellesråd om å arbeide vidare med søknad om tildeling av diakonimidlar og arbeide vidare med plan for finansiering av lokalt økonomisk bidrag.

Vidareføring sak 03/19 Årsmøte 2019 og Årsrapport 2018

Soknerådet handsama vidare saka som var påbegynt i tidlegare soknerådsmøte. May Lisbeth H Aurdal synte til dei endringane som hadde kome som innspel til rapporten tidlegare. Etter konstruktiv drøfting vart soknerådet einige om endelege formuleringar i årsrapporten.

Vedtak: Årsrapport 2018 vert einstemmig godkjent.

Vidareføring sak 04/19 Datoplan 2019

Det vart lagt fram for soknerådet datoplan for ulike aktivitetar i 2019. Etter innspel frå soknerådet vart datoplanen justert og det vart gjort følgjande einstemmige vedtak:


Vedtak: Datoplan for 2019 vert godkjent.

Vidareførig sak 05/19 Valførebuing - Nominasjonsnemnd

Soknerådet handsama vidare saka som var påbegynt i tidlegare soknerådsmøte. Marit Akslen, Per Bjørnar Tynes og Astrid Breivik er førespurd og akseptert å vere nominasjonsnemnd. Soknerådet utfordrar Per Bjørnar til å vere leiar i nemnda, og ber han kalle inn til første møte i nemnda.

Vidareførig sak 48/18 Oppsummering av året og plan for neste år

Soknerådet handsama vidare saka som var påbegynt i tidlegare. I samband med medarbeidarfesten skal det også vere årsmøte. På medarbeidarfesten skal ein trekke fram gleda av frivillighet, og soknerådet vil då spørje ein del frivillige til å fortelje om sine oppgåver i kyrkja. Soknerådet vart samde om at ansvaret for å spørje følgjande personar vert slik:



Sykylven sokneråd

Simen: Innkvarterar Fauske
Simen: Bjørg og Erik Pedersen
Liv: Hausttakkefest-tillagar
Monica: Søndagsskuleborn
Monica: Ungdomsleiar konfirmantleir
Monica: Engasjerande innlegg i omlag 5 min.
Bjørg: Bordkort
Bjørg/Janne: Pynting av bord
Rose: Musikk /song

Temaet for medarbeidarfesten er: «Takk for at du lagar meir himmel på jorda»

Medlemmene i soknerådet møter for å lage til festen 14.03.2019 kl. 16.30.
Festen startar kl. 18.00 og sluttar omlag kl. 21.00.

Orienteringssaker:

- Meditasjon/Retreat dag i Sykkylven kyrkje - søknad frå meditasjonsgruppa kapell torsdagar. Soknerådet synest det høyrest interessant ut. Eit annaleis og godt tilbod som ein ikkje finn dekt elles.
- Sokneprest Simen: Reise for å hente inspirasjon
- Sokneprest Simen: Leke gudstenesteleiarar ikkje forordna gudstenester. Enklare liturgi. Innspel frå soknerådet til orienteringa er at ein må få førehandsgodkjent ordningane slik at ein ikkje opplever innstramming etter kort tid.
- Komande soknerådsmøter skal starte kl. 19.00.

Referent: Knut Henning Aursnes